

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Vår ref.:  
201007459-8/522/PBOR

Dykkar ref.:  
201003005

Bergen, 06. oktober 2010

## Høyring av NOU 2010:7 ”Mangfold og Mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet”

Høyringa ble behandla i Yrkesopplæringsnemnda 14.09.10, i Opplærings- og helseutvalet 21.09.10 og i Fylkesutvalet 29.09.10 der det følgjande ble vedtatt:

### VEDTAK

Fylkesutvalet sluttar seg til konklusjonane i rapporten med følgjande kommentarar:

#### - Til kapittel 6: Opplæringssektoren – Styring, økonomi og organisering

Hordaland fylkeskommune støttar at ein i det vidare arbeidet med inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar må styrke ressursbruken knytt til opplæring av minoritetsspråklige barn, unge og vaksne.

#### - Til kapittel 7 - Barnehage og andre tilbod i førskolealder:

Hordaland fylkeskommune er ikkje samd med ”Østbergutvalet” i at kontantstøtta nødvendigvis er ein hemsko for integrering i samfunnet og språkutvikling for dei minoritetsspråklege.

#### - Til kapittel 8: Minoritetsspråklege elevar i grunnskolen:

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at ”Læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar” skal nyttast av alle skolar i grunnopplæringa.

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at elevar med anna morsmål enn norsk kan få morsmålet sitt som fag med moglegheit for påbygging gjennom skoleløpet, som alternativ til eller som tillegg til framandspråk.

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget om at elevar som er 16 år eller meir, kan få grunnskoetilbod for ungdom lagt til vidaregåande skole.

#### - Til kapittel 9: Minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring:

Hordaland fylkeskommune støttar forslaget frå mindretalet i Østbergutvalet om å endre Opplæringslova slik at nykomne elevar med dokumentert grunnskole frå heimlandet må gjennomgå norskopplæring før dei får rett til vidaregåande skole.

#### - Til kapittel 10: Innføringstilbod for nykomne elevar

Hordaland fylkeskommune støttar ”Østbergutvalet” sin modell for innføringsklasse i vidaregåande opplæring og tilrår nasjonale føringar for faginnhaldet i tilbodet.

Anne Hjermmann  
Leiar Pedagogisk seksjon

Marianne Haaland  
Sakshandsamar

2 Vedlegg:

Vedlegg 1: Innstillinga frå Fylkesrådmannen  
Vedlegg 2: Referat frå handsaminga i Fylkesutvalet.

Vedlegg 1:

### **INNSTILLING FRÅ FYLKESRÅDMANNEN, 31.08.2010:**

Rapporten "Mangfold og mestring" NOU 2010:7, er eit omfattande dokument med mange innspel til debatten om god integrering og til korleis opplæringsetaten kan gi eit best mogeleg tilbod til elevar med fleirspråkleg bakgrunn. Det er fyrste gongen det er laga ein NOU som har sett på det totale tilbodet for minoritetsspråklege frå barnehage til høgare utdanning.

Rapporten strekar under behovet for dugleik på fleire språk og kulturell kompetanse i den internasjonale arbeidsmarknaden. Kompetansen og dei erfaringane innvandrarakar har med seg til Noreg, kan vere nyttig i ein global verden.

Rapporten inneheld mange gode forslag om korleis fleire elevar kan nå sine mål på alle nivå; mellom anna korleis skape gode læringsmiljø, auke rekrutteringa av tilsette med fleirkulturell bakgrunn slik at det avspeilar den elevmassen vi har i våre skolar, heve den fleirkulturelle kompetansen blant tilsette, og forslag til tiltak retta mot minoritetsspråklege elevar. "Østbergutvalet", som står for rapporten, tar opp viktige spørsmål i sin rapport. Vi vil særleg kommentere følgjande kapittel i rapporten:

#### **Til kapittel 6: Opplæringssektoren – Styring, økonomi og organisering**

Punkt 6.4.3 Økonomi:

Kapittel 6 i rapporten tar opp viktige problemstillingar i samband med tilskot til skolegang for minoritetsspråklege elevar. Dette gjeld både i grunnskole, vidaregåande skole og i vaksenopplæringa for elevar med rett til skole. Innføringa av §3-12 i vidaregåande skole sett store krav til skoleeigar. Skal retten til særskilt språkopplæring, morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring i vidaregåande skole gjennomførast etter intensjonen, er det naudsynt at ein ser på kostnadene dette medfører.

#### **Til kapittel 7: Barnehage og andre tilbud i førskolealder:**

Punkt 7.3.2 Årsaker til lavere deltaking blant minoritetsspråklige barn

Østbergutvalet slår fast at integrering og språkutvikling startar i barnehagen. Rapporten peikar på at ordninga med kontantstøtte har ført til at mange minoritetsspråklege barn ikkje får starte i barnehage. Difor er det naudsynt å vurdere ordninga med kontantstøtte på nytt. Det ein eventuelt sparar på ei utfasing av kontantstøtta, kan nyttast som tilskot til gratis kjernetid for dei minste. Språkutvikling er ein sentral del av tida i barnehagen. Dei som startar i fyrste klasse i grunnskolen utan å kunne norsk, har eit dårlegare utgangspunkt enn andre og vil risikere å bli hengjande etter gjennom heile skolegangen.

#### **Til kapittel 8: Minoritetsspråklige elevar i grunnskolen**

Punkt 8.5 Om Læreplan i grunnleggjande norsk for språklige minoriteter

Hordaland fylkeskommune støtter forslaget om å styrkje norskundervisninga av minoritetsspråklege i grunnskolen. Svake norskkunnskapar gjer det vanskeleg å oppnå ønska resultat. Grunnlaget for vidare

utdanning vert lagt i grunnskolen. Læreplan i grunnleggjande norsk må vidareutviklast og nyttast når dette er naudsynt for eleven. Denne nivåbaserte planen gjer arbeidet med norskfaget oversiktlig for både lærar og elev.

Punkt 8.9.1 Særskilt språkopplæring

"Østbergutvalet" vil styrke morsmåloplæringa i grunnopplæringa, blant anna ved at eleven kan få sitt eige morsmål som alternativ til 2.framandspråk i ungdomsskolen og i den vidaregåande skulen. Forskarane er samde om at styrka morsmålundervisning og tospråkleg opplæring, styrker

norskopplæringa. I morsmålundervisninga og tospråkleg fagopplæring kan ei nytte videostreaming eller satse på utvikling av digitale læremiddel der skolane ikkje har eigne morsmålslærarar. I Hordaland har vi elevar i vidaregåande opplæring som representerar 80 ulike språk. Stimulering av morsmål i skolen kan også bli til nytte for samfunnet.

Når det gjeld grunnskoleopplæring for vaksne, får nykomne elevar i Bergen kommune tilbod om "Grunnskole for vaksne" ved Nygård skole om dei er meir enn 16 år og manglar grunnskule frå heimlandet. Her kan det gå fleire år før dei oppnår kompetanse tilsvarande norsk grunnskole. Integrering av unge handlar også om å dele skole og fritid med etnisk norske ungdommar. Rapporten har forslag om at grunnskoletilbod for dei over 16 år blir lagt til vidaregåande skole.

### **Til kapittel 9: Minoritetsspråklige elever i vidaregåande opplæring:**

Punkt 9.11.4 Om inntak til vidaregåande skole for nykomne:

I dag har alle med dokumentert grunnskole rett til vidaregåande opplæring når dei kjem til landet, uavhengig av norskkunnskapar. Det er vanskeleg for eleven å følgje undervisninga i vg1 når ein ikkje meistrar norsk. Arbeidsinnvandringa fører mange elevar til landet som har fullført grunnskole i heimlandet, men som ikkje meistrar norsk. Det er ikkje tenleg for desse elevane å bruke av retten til opplæring om dei ikkje forstår språket i vidaregåande skole. Rapporten slår fast at det tar lang tid å tilegne seg norskkunnskapar.

### **Til kapittel 10: Innføringstilbud for nykomne elever**

Punkt 10.3.4 Videregående opplæring - innføringstilbud:

Rapporten foreslår å innføre nasjonale standardar for innføringsklassar for språklege minoritetar. I Hordaland har vi prøvd ut modellen med innføringsklasse i mange år. Dette skoleåret har i underkant av 200 elevar fått tilbod om innføringsklassar, i alt 13 klassar spreidd i heile fylket. Etter vår vurdering er det nyttig for den vidare skolegang at elevane i innføringsklassar også får opplæring i dei andre basisfaga.

Vedlegg 2:

Referat frå handsaminga i Fylkesutvalet.

### **Fylkesutvalet 29.09.10**

Joril Christensen sette fram slikt forslag:

”Alternativ kommentar til kapittel 7:

Til kapittel 7 - Barnehage og andre tilbod i førskolealder:

Hordaland fylkeskommune er samd med ”Østbergutvalet” i at kontantstøtta kan vere ein hemske for integrering i samfunnet og språkutvikling for dei minoritetsspråklege.

Tillegg:

Hordaland Fylkeskommune støttar forslaget frå mindretalet i ”Østbergutvalet” om å innføra ein generell individuell rett til morsmåloppføring for minoritetsspråklege elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring”.

Pål Kårbø sette fram slikt forslag:

”Endring av innstillinga punkt 7:

--- at kontantstøtta ikkje nødvendigvis er ein hemske -----”.

Røysting

Christensen sitt tillegg fekk 6 røyster (A, SP, V) og fall.

Innstillinga, med unntak av kommentar til kapittel 7, vart samrøystes vedteken.

Kommentar til kapittel 7: Innstillinga med Kårbø sitt forslag vart vedteken med 10 røyster mot 5 røyster (A, SV) for Christensen sitt forslag.